
Frå: Maria Vatnøy

Til: Kommunal- og regionaldepartementet

Dato: 25. november 2013

Gjeld: Høyringsuttale - lovfesting av medverknadsorgan for ungdom

INNLEDNING

Viser til høyringsbrev av 30. september 2013 der Kommunal- og regionaldepartementet i samarbeid med Arbeidsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet sende ut høyringsnotatet om lovfesting av medverknadsordning for ungdom. Mitt namn er Maria Vatnøy og i dette høyringssvaret tek eg på meg ansvaret for å formidle tankar frå mange ungdommar som dei siste åra har arbeida med lovfesting av medverknadsorgan for ungdom og ungdomsrådskanalen. Eg skulle ønske at eg kunne diskutere høyringsnotatet sine problemstillingar med eit medverknadsorgan for ungdom, men slik situasjon er i dag lar ikkje dette seg gjere.

Høyringssvaret er basert på mine erfaringar og synspunkt i tillegg til Nasjonalt ungdomspanel og Ungdommens fylkesutval i Hordaland sine høyringssvar på NOU 2011:20 ungdom, makt og medverknad, samt vedtak gjort på Ungdommens fylkesting 2013, Ungdommens nasjonalforsamling 2010, Ungdommens storting i 2012 og Ungdommens storting 2013.

ERFARINGSGRUNNLAG

Medverknadsorgan

Eg har erfaring i kommunale medverknadsorgan som medlem i ungdomsrådet i Gulen kommune i 2007-2008, og medlem i Ungdommens kommunestyre i Austevoll i 2009-2010.

Mitt fylkeskommunale verv i eit medverknadsorgan strekkjer seg frå 2010-2013 gjennom Ungdommens fylkesting i Hordaland ("UFT"). Eg har vore medlem, konstituert nestleiar og frå januar 2012 leiar i Ungdommens fylkesutval ("UFU"). Sidan januar 2013 har eg vore leiar i UFT sin desisjonskomité, og følgjer framleis arbeidet tett.

Eg har også erfaring frå det nasjonale arbeidet med medverknadsorgan. I september 2010 var eg på Ungdommens nasjonalforsamling og vart vald som medlem i interimstyret Nasjonalt ungdomspanel ("NUP"). NUP fekk mellom anna i oppgåve å arbeide for organiseringa og opprettinga av medverknadsorgan på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Dette utvalet satt fram til Noregs første Ungdommens storting i mars 2012, der eit nytt Nasjonalt ungdomspanel vald og eg var den einaste av dei gamle medlemmene som held fram. Nasjonalt ungdomspanel arbeidde fram til Ungdommens storting i mars 2013. På Ungdommens storting 2013 vedtok deltakarane at dei ønskte eit arbeidande organ tilsvarande NUP. Her var eg førebudd og motivert til å ta ei leiarstilling, men me fekk beklageleg nok ikkje høve til å velje eit slikt arbeidande organ. Sjå utdjupingar under "Om Nasjonalt ungdomspanel".

Kontakt med fylker

Gjennom arbeidet i Nasjonalt ungdomspanel har eg hatt kontakt med mange fylke. Særleg djuptgåande diskusjonar har eg hatt med representantar frå medverknadsorgana til dei ni fylka som har vore representert i NUP (sjå "Om Nasjonalt ungdomspanel").

Eg har delteke på Nordland, Troms og Oppland sine Ungdommens fylkesting, og eg har dermed også hatt kontakt med ungdomsråda i dei nemnde fylka. På alle desse møta har ungdomsmedverknad på

kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå vore eit tema. I tillegg har eg delteke på ei ungdomsrådssamling i Finnmark, der eg held føredrag om ungdomsrådskanalen og var med i diskusjonen om opprettinga av eit Ungdommens fylkesting i Finnmark. Rogaland har til no ikkje hatt noko fylkeskommunalt medverknadsorgan utover Elevorganisasjonen, men eg har også delteke på årsmøtet til elevorganisasjonen i fylket. Ungdommens fylkesting i Hordaland har hatt eit samarbeid med medverknadsorgana i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Nasjonalt ungdomspanel har gjennom infoskriv om arbeidet hatt skriftlig kontakt alle fylka som har medverknadsorgan, og særleg med Sogn og Fjordane og Hedmark som har komme med tilbakemeldingar.

Eg har også delteke på mange nasjonale ungdomsrådskonferansar. Mellom anna Finansministeren sin ungdomskonferanse i 2012 og BLD sin dialogdag med Inga Marte Thorkildsen i 2012. På Barne- og ungdomskonferansen til BLD i 2012 held eg og leiar av NUP 2012 Mads Adrian Hansen parallellseminaret som omhandla ungdomsmedverknadsarbeid. I september 2011 arrangerte NUP Ungdommens representantskapsmøte for leiarane i alle medverknadsorgana i fylka. Alt i alt har eg vore med på å, i større eller mindre grad, ha kontakt med ungdom frå alle fylke i Noreg, både dei fylka som har medverknadsorgan og dei som ikkje har medverknadsorgan endå.

Strukturelt arbeid

Eg har også erfaringar frå å evaluere og forbetre strukturane rundt UFT i Hordaland. Etter å ha hatt kontakt med medverknadsorgan i andre fylke sette eg som leiar i gong ein omfattande omorganiseringsprosess i 2012 som har resultert i fleire endringar. Sekretariatet er ligg sidan starten av 2013 direkte under Hordaland fylkeskommune (mens det tidlegare låg under Hordaland Barne- og Ungdomsråd), stillingsprosenten til sekretæren er auka noko og Ungdommens fylkesting har fått noko større økonomiske rammes. Ungdommens fylkesutval gjorde også store endringar i vedtektene, og i 2013 laga administrasjonen i HFK har laga ei sak til politikarane med utgangspunkt i desse vedtektene. Saka blir handsama i desse dagar og inneheld også forslag til eit mandat for UFT. Sjølve årsmøtet UFT har også gjennomgått ei intern evaluering i Ungdommens fylkesutval i 2012, og i tillegg til dette er det sett i gong prosessar for å forbetre rammene for politikken til UFT. Sjå elles høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune og Ungdommens fylkesutval i Hordaland.

Eg har også vore leigd inn for å arbeide med prosessen og rammene rundt politikken til UFT i Nordland og Troms.

OM NASJONALT UNGDOMSPANEL

Nasjonalt ungdomspanel

Nasjonalt ungdomspanel («NUP») blei oppretta av delegatene på Ungdommens nasjonalforsamling i september 2010 (vedtaket er referatført seinare i høyringssvaret). Organet skulle utgjere eit interimstyre som skulle følgje opp sakene Ungdommens nasjonalforsamling vedtok, mellom anna å arbeide med organisering og oppretting av innflytelsesorgan på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Nasjonalt ungdomspanel hadde fleire møter i løpet perioden frå opprettinga til Ungdommens storting blei helde i 2012, og var mellom anna med i planlegging og gjennomføring av Ungdommens storting 2012. På Ungdommens storting i 2012 deltok to representantar frå kvart fylke. På arrangementet

gjorde ein ikkje vedtak, men hovudtrekka frå debatten blei referatført og resulterte i ei erklæring (eg kjem tilbake til denne seinare i høyringssvaret). På Ungdommens storting 2012 blei det vald eit nytt Nasjonalt ungdomspanel av forsamlinga. Det nye NUP fekk som hovudoppgåve å arbeide for formalisering av Ungdommens storting som ei permanent ordning, i tillegg til formaliseringen av et arbeidsutval for Ungdommens storting tilsvarande eksisterande NUP.

NUP hadde fleire møte i 2012, og skreiv mellom anna høyringssvar til NOU 2011:20 Ungdom, makt og medverknad. NUP hadde også fleire møter med den stortingsadministrative prosjektgruppa for Ungdommens storting. Prosjektgruppa og NUP var usamde i grunnleggande delar av utforminga av Ungdommens storting. Utover å vere med på å velje ut saker som skulle handsamast under Ungdommens storting 2013, var ikkje NUP med på den konkrete planlegginga av arrangementet.

På Ungdommens storting 2013 fekk kvart fylke éin plass til å representere medverknadsorganet sitt for ungdom, i tillegg var det opne 36 plassar. Deltakarane blei vald ut på bakgrunn av innsende saker. På Ungdommens storting 2013 vedtok delegatane med 50 av 51 stemmer at dei ønska at å lovfeste ungdomsråd på alle tre forvaltningsnivå, og delegatane vedtok med 48 av 51 stemmer nokre retningslinjer for organiseringa av Ungdommens storting. Trass i at begge desse sakene innehald eit ønske om å velje eit arbeidande organ tilsvarande NUP og at det var fleire deltakarar som ønska å stille til val, fekk ikkje Ungdommens storting høve til å velje eit slikt organ.

I løpet av Nasjonalt ungdomspanel sine to periodar har tretten forskjellige personar frå ni fylkeskommunale medverknadsorgan vore representerte. Fylka som har delteke i NUP er Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Hordaland, Oslo, Vestfold og Buskerud. Dei nasjonalt ungdomspanela har bestått av dei tre medverknadsordningane Ungdommens fylkesting, Barne- og ungdomsråd og Fylkesleivråd. Det skal påpeikast at ingen av vala har vore gjennomført etter innstilling frå ein valkomité.

GENERELLE KOMMENTARAR

Barn og ungdom utgjer nær ein fjerdedel av Noregs befolkning. Denne delen av befolkninga er ei samfunnsgruppe som per i dag ikkje har stemmerett, og heller ikkje er representert i de folkevalde organa, verken på nasjonalt, fylkeskommunalt eller kommunalt nivå. Med andre ord har ungdom ingen formell, direkte makt, verken på individ- eller gruppenivå. Dette stiller store krav til politikarane, fordi barn og unge har lovfestet rett til å bli hørt i saker som vedgår dei.

På bakgrunn av dette ser eg det som svært positivt at regjeringa vil lovfeste medverknadsorgan for ungdom. Ungdommens fylkesting i Hordaland har i 2013 gått inn for lovfesting av ungdomsråd, og det same har Ungdommens storting 13 gjort.

Nasjonalt ungdomspanel er vurderer, i tråd utvalet som skreiv NOU: *ungdom makt og medverknad* ("Ungdommens maktutredning"), formaliserte medverknadsorgan som viktige i eit demokratiperspektiv. NUP ser det som avgjerande at unge som ikkje har nådd stemmerettsalder blir knytt til det institusjonelle demokratiet, og meiner at organa gjer det lettare for ungdom å bli hørt i demokratiske prosesser. NUP meiner også at organa fungerer som gode skular i demokrati og legger

til rette for engasjement blant barn og ungdom. Vidare ser NUP medverknadsorgan som ei gåvepakke til politikarane. Organa gjør det enklare for politikarane å følgje opp barnekonvensjonens artikkel tolv; barn og ungdoms rett til å bli høyrd.

NUP deler også Ungdommens maktutredning si oppfatning om at formalisering av medverknadsorgan for ungdom er ein viktig føresetnad for at ungdom sine synspunkt kan komme fram og bli tillagt vekt i politiske avgjeringsprosessar. NUP peikar også på at det er ein stor verdi i deltaking, engasjement og medverknad, rolla medverknadsorgana har som vaktbikkje overfor politikarar, og ikkje minst korleis råda og møta skapar arena for samhandling og nettverksbygging på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Dette er positivt for den einskilde og for samfunnet generelt.

Desse argumenta brukte Nasjonalt ungdomspanel for formalisering av medverknadsorgan for ungdom i sitt høyringssvar på Ungdommens maktutredning. NUP kunne ikkje uttale seg i spørsmålet om lovfesting sidan ein ikkje hadde noko vedtak i ryggen (meir om dette seinare i høyringssvaret). Likevel uttalte NUP seg positiv til at alle kommunar burde ha medverknadsorgan for ungdom, og foreslo ei form for premiering til kommunane som oppretta medverknadsorgan og følgde dei formaliserte retningslinjene. Når no Ungdommens storting for 2013 har sagt eit rungande ja til lovfesting av medverknadsorgan vil eg seie at dei overnemnde momenta også er viktige argument for ei lovfesting av medverknadsorgan for ungdom.

KORLEIS EI LOVFESTING AV MEDVERKNADSORDNINGA BØR UTFORMAST

I det vidare arbeidet med utforminga av innhaldet i lovfesting av medverknadsorgan er det viktig at ungdom blir inkludert. Ein naturleg måte å gjere dette på er å sette ned eit ekspertutval av ungdom med erfaring frå ulike medverknadsorgan som bør diskutere problemstillingar saman med andre aktuelle aktørar. I tillegg til er det sjølvstendig viktig å hente informasjon og erfaringar om ordningar rundt omkring i landet. Det mest ønskelige ville vore om ein kunne inkludere eit Nasjonalt ungdomsråd etter Ungdommens storting i 2014.

KVA EI LOVFESTA MEDVERKNADSORDNING FOR UNGDOM BØR INNEHALDE

Ungdomsrådskanalen som eigen kanal

Ein seier ofte at ungdom har fire kanalar for påverknad: aksjonskanalen, organisasjonskanalen, partikanalen og ungdomsrådskanalen. Det er viktig at så mange ungdom som mulig blir hørt, og derfor er alle desse kanalane er nødvendige. Nasjonalt ungdomspanel meiner at dei fire kanalane er gode supplement til kvarandre, og bør skiljast frå kvarandre.

Organisasjonskanalen handlar først og fremst om særinteresser. Det kan ikkje vere slik at alle ungdommar med ein idé eller et politisk forslag skal måtte starte ein egen organisasjon. Ungdomsrådskanalen skal vere ein kanal som ikkje er basert på særinteresser, men ein kanal der ungdom kan fremje meiningane sine som ei samla interessegruppe, uavhengig av partipolitikk og

organisasjonspolitik. På same måte som det fungerer med rådet for eldre og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Det er på ingen måte noko mål at ungdomsrådskanalen skal erstatte den kontakten barne- og ungdomsorganisasjonane har med myndighetene, men at den skal bli etablert som ein heilskapleg kanal i tillegg. Det er med andre ord eit viktig prinsipp i lovfestinga av medverknadsorgan at desse organa er ein del av ungdomsrådskanalen, og er uavhengig av organisasjonar og parti.

Lovfesting på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå

Ettersom departementa føreslår å lovfesting medverknadsorgan på kommunalt og fylkeskommunalt nivå, vil eg bruke litt tid på å argumentere for at det også er nødvendig med eit nasjonalt medverknadsorgan som det øvste leddet i den ungdomsrådskanalen.

Ideen om eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom kjem frå ungdom sjølv; mellom anna fremja Ungdommens bystyremøte i Oslo i februar 2010 ei sak om at det var behov for et nasjonalt medverknadsorgan. Dette skyldes at lokale og regionale medverknadsorgan ofte handsamar saker av nasjonal karakter, men ikkje har noko organ å sende sakene vidare til. Vedtaket i Ungdommens bystyremøte resulterte i at Barneombodet og Barne- og Ungdomsrådet i Oslo arrangerte Ungdommens nasjonalforsamling i 2010. Både blant deltakarane som var på Ungdommens nasjonalforsamling, og Ungdommens storting i både 2012 og i 2013 blei det ytra eit sterkt ønske om ungdommens medverknadsorgan på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Storbysamarbeidet leverte også eit skriftlig innspel til Ungdommens maktutredning, der dei gikk inn for eit nasjonalt medverknadsorgan.

Vedtak i Ungdommens nasjonalforsamling:

Organisering av ungdommenes innflytelsesorgan på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå
En lovbestemt organisering av ungdomsdemokrati på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt plan.

Ungdommens nasjonalforsamling ønskjer følgende utforming av organiseringen av ungdommens innflytelsesorgan i landet:

Kommunalt plan:

Det skal i hver kommune vere et ungdomsråd eller en lett tilgjengelig påvirkningskanal kun for ungdom. Dette skal vere lovpålagt.

Fylkeskommunalt plan:

I hver fylkeskommune skal det vere et ungdomsorgan som er rådgivende for fylkesting og fylkeskommune. UNF anbefaler Ungdommens Fylkesting (UFT) som det bestemmende organet og et Ungdommens Fylkesutvalg (UFU) som det utøvende organet.

Nasjonalt plan:

Det skal hvert år arrangeres en Ungdommens Nasjonalforsamling (UNF). Fylkene bestemmer hvem som skal sitte der, men UNF anbefaler to stk, helst leder eller nestleder fra Ungdommens Fylkesutvalg (UFU) som representanter. Innanfor Ungdommens Nasjonalforsamling skal det finnes et "arbeidsutvalg" kalt Nasjonalt Ungdomspanel (NUP). UNF bestemmer hvilke saker NUP skal jobbe med og hvem som skal sitte der. Det skal vere en representant fra hvert fylke. I NUP sitter ett medlem fra hvert fylke.

UNF oppretter i dag, 21.09.10, et fungerende NUP som får i oppgave å få det nasjonale ungdomspanelet på plass og vedtatt av Storting/regjering. Det fungerende Nasjonale Ungdomspanelet skal utarbeide vedtekter og planlegge neste UNF. Barneombudet stiller med møtelokaler og starthjelp for å få organet opp å gå. Det fungerende NUPet vil vere UNF sitt ansikt utad.

På Ungdommens storting i 2012 var det ikkje noko votering som ein kan referere til, men i følge Nasjonalt ungdomspanel var det i debatten ei brei einigheit om lovfesting av at medverknadsorgan på regionalt og nasjonalt nivå er viktig, og at medverknadsorgana på lokalt plan må formaliserast med felles retningslinjer. Det er derimot større ueinigheit om lovfesting på lokalt plan. Eitt argument som blei dradd fram mot lovfesting på lokalt nivå er at ein må ha moglegheit for lokale tilpassingar.

Som nemnd vedtok Ungdommens storting 2013 å lovfeste ungdomsråd på alle tre forvaltningsnivå, og at desse nivåa skal bygge på kvarandre. Eg skulle gjerne referert til vedtaket, men det er ikkje å finne på nettsidene til Stortinget og deltakarane har ikkje fått det tilsendt etter arrangementet sjølv om det er blitt etterspurt.

Med fare for å gjenta meg sjølv, seier eg det endå tydeligare i klårtekst. Eit nasjonalt medverknadsorgan som toppen av ungdomsrådskanalen var eit ønske frå ungdom sjølve, for å kunne løfte opp saker av nasjonale karakter som ungdom ikkje har hatt noko organisert måte å løfte til på det nasjonale nivået. Ungdommens bystyremøte i Oslo, Ungdommens nasjonalforsamling i 2010, Nasjonalt ungdomspanel i 2010, Ungdommens storting i 2012, Nasjonalt ungdomspanel i 2012, Ungdommens storting i 2013, Ungdommens fylkesting i mange fylke og dei kommunale medverknadsorgana i Storbynettverket ønskjer at ungdomsrådskanalen skal vere ein sjølvstendig medverknadskanal for ungdom. Dei ønskjer at det fylkeskommunale medverknadsorganet skal byggje på dei kommunale, og at det nasjonale medverknadsorganet skal byggje på dei fylkeskommunale. Ein ønskjer også alle dei tre nivåa skal ha arbeidande organ. Ungdommens storting gjekk bortimot samrøystes inn for saka i 2013, og det var på eit arrangement der nærare to tredelar av delegatane kom frå opne plassar og dermed ikkje hadde noko tilknytning til ungdomsrådskanalen. Fylkesorgana har delteke på Ungdommens nasjonalforsamling og Ungdommens storting med ulike representantar og nye arbeidsutval opp gjennom dei siste åra, og fleirtalet har heile tida ønska denne organiseringa. Nasjonalt ungdomspanel har jamleg informert fylkesorgana om arbeidet sitt, slik at dei har hatt eit godt informasjonsgrunnlag til å avgjere om dei vil stiller seg bak saka eller ikkje. Ungdommane som deltok på Ungdommens storting med opne plassar hadde naturleg nok ikkje denne bakgrunnskunnskapen, men valde likevel å stille seg bak saka. Gjennom åra denne prosessen har føregått er det utrulig mange ungdommar som har arbeida for ei slik organisering av ungdomsrådskanalen, og den er framleis utrulig viktig for mange av oss.

I tillegg til dette skriv Barneombudet og Barne- og Ungdomsrådet i Oslo, som arrangerte i 2010 Ungdommens nasjonalforsamling, ein erfaringsrapport som stiller seg utelukkande positiv til et nasjonalt medverknadsorgan.

Representasjon

Ungdommens maktutredning er skeptisk til koplinga av det lokale, regionale og nasjonale nivået, og meiner det er store representasjonsutfordringar på grunn av utveljinga av deltakarar gjennom fleire

ledd. I høyringsvaret sitt påpeke NUP at det er dette som per definisjon er representasjon, og at det er slik et representativt demokrati fungerer. Det er viktig med kompetanse i eit Nasjonalt organ, og det er viktig at det representerer ungdommen i Noreg på ein best mogleg måte. Ungdommens nasjonalforsamling, begge dei nasjonale ungdomspanela, Ungdommens fylkesutval i Hordaland for 2012 og Ungdommens storting i 2013, trur dette skjer ved å ha ein struktur som Ungdommens nasjonalforsamling skisserte opp, ved at medverknadsorgana byggjer på kvarandre. Nasjonalt ungdomspanel 2012 peiker på at opne plassar på Ungdommens storting ikkje er med på å gjere Ungdommens storting meir representativt, heller det motsette. Representantane som har opne plassar representere berre seg sjølv, og saka deira har ikkje vore gjennom ei selektering der ungdom er med på å avgjere kva som er dei viktigaste sakene for dei. Dessutan er det problematisk at dei vaksne på Stortinget skal få bestemme kva ungdom kan meine noko om.

Noreg blir styrt gjennom eit representativt demokrati, og slik meiner NUP at medverknadsorgan for ungdom også burde vere. Alle elevane på ein skule kan ikkje sitte i eit elevråd, alle ungdommane i ein kommune kan ikkje sitte i eit ungdomsråd, slik vil det også vere på nasjonalt nivå. NUP meiner at ungdom også er i stand til å representere andre enn berre seg sjølv. Ungdom vel dei ungdommane de trur best mulig kjem til å representere seg og sine meningar, på same måte som vaksne gjer i politikken. Stortinget er ei samling av 169 ressurssterke politikarar som tre firedelar av befolkninga har moglegheit til å vere med på å velje. På same måte vil Ungdommens storting vere ein ressurssterk forsamling som representerer den siste firedelen av Noregs befolkning. Begge forsamlingane skal gjere sitt beste for å vere representative, og begge har vore gjennom ein omfattande utveljing. Det er særleg viktig at dei kommunale medverknadsorgana famnar breitt for å få ein representativ struktur i heile kanalen. Ved å etablere retningslinjer for ungdomsråd på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, saman med oppretting av slike organ i hele landet, vil ein kunne sette krav til representasjon og dermed motvirke at Ungdommens storting berre representere dei ressurssterke ungdommane.

Ei utfordring for mange er å inkludere ungdom som ikkje går på skular, og å sikre at ungdomsrådet ikkje utelukkande består av elevrådet på ein skule. Det er viktig å arbeide for å finne gode valordningar, og dette bør lovfestinga av medverknadsorgan seie noko om.

Nasjonalt ungdomspanel peikar dessutan på at ordninga med ekspertmøte er gode supplerande tiltak til ungdomsråd. Ekspertmøte er også eit verktøy medverknadsorgana kan bruke for innhenting av innspel blant ungdom.

Alder og kontinuitet

Det er varierende aldersgrenser på dei fylkeskommunale medverknadsorgana i Noreg. Ungdommens fylkesutval i Hordaland har ei øvre aldersgrense på 20 år, mens den same grensa er 26 år i Nordland, 25 år i Troms og 23 år i Møre og Romsdal. Nasjonalt ungdomspanel gjekk i 2010 inn for at aldersgrensa burde vere 20 år på det nasjonale medverknadsorganet for ungdom.

Personleg meiner eg at den øvre aldersgrensa for medverknadsorgana bør vere høgare enn 18 år. Det er eit legitimt og viktig argument at ein må sikre at ungdom under 18 blir høyrd, men med ein struktur der sakene til fylkeskommunale medverknadsorgana kjem frå dei kommunale medverknadsorgana, og sakene til dei nasjonale medverknadsorgana kjem frå dei fylkeskommunale

medverknadsorgana, vil ein hindre at ein ender opp med berre typiske "studentsaker".

Erfaringsmessig veit ein at sjølv om den øvre aldersgrensa for medverknadsorganet er over 18 år er det sjeldan eldre ungdommar som kjem på årsmøtet. Når det er årsmøtet som bestemmer politikken vil ein sikre at yngre ungdommar får stemt fram dei sakene som er viktige for dei, sjølv om arbeidsutvalet har medlemmer over 18 år.

Når ein skal få eit medverknadsorgan til å fungere er det viktig med erfaring og kontinuitet. For mange medverknadsorgan er det eit problem at ein må "starte på nytt" kvar einaste periode, fordi dei erfarne medlemmene forsvinn. Mi erfaring er at dei erfarne medlemmene bidreg til ei opplæring av andre medlemmer, og gir heile rådet ein løfta kvalitet. Det tek tid å byggje opp band til politikkarar, til å lære seg dei kompliserte politiske prosessane og til å få erfaringa med å skrive gode høyringssvar og argumenterande taler. Dei arbeidande organet er avhengig av kompetanse for å klare å gjennomføre dei sakene som årsmøtet pålegg dei, utover den kontinuiteten sekretæren representerer. Særleg i det nasjonale organet er dette viktig.

Mandat, oppgåver og arbeidsmåtar til medverknadsorgana

Administrasjon og forankring

Nasjonalt ungdomspanel oppfattar Ungdommens maktutredning sine konklusjonar på punkta om administrativ støtte og institusjonell forankring som gode og korrekte. NUP ønskjer spesielt å framheve viktigheita av at dei avsette administrative ressursane er store nok til å sikre reell politisk involvering og innflytelse. Når det gjelder den institusjonelle forankringa meiner NUP, som Ungdommens maktutredning, at det trengs nasjonale retningslinjer for medverknadsorgana.

Årsmøte må ha arbeidande organ

Nasjonalt ungdomspanel meiner at medverknadsorgana for ungdom på alle dei tre forvaltningsnivåa bør eit slags stort årlige møter. Dette skal igjen gi mandat til et arbeidsutval som følgjer opp sakene som gjennom året fram til neste årlige møte. Dei årlege møta bør sikre at ein stor del ungdommane får delteke og vere med på å bestemme politikken. Fleire fylker og kommunar har positiv erfaring med ein slik organisering. I små kommunar må ein diskutere korleis ein skal løyse dette, kan interkommunale konferansar vere ei løysing?

Lokale tilpassingar eller like retningslinjer?

Nasjonalt ungdomspanel syns det er viktig at det er rom for lokale tilpassingar i retningslinjene for medverknadsorgana, og meiner Ungdommens maktutredning trekk fram fornuftige punkt der retningslinjene burde vere like. NUP meiner at ein bør ha ein heilskapleg medverknadsstrategi for unge, og at det er naturleg å skilje mellom store og små kommunar.

Nasjonalt ungdomspanel meiner også at namna på medverknadsorgana bør vere like. I dag har medverknadsorgana veldig ulike namn, noko som er uoversiktleg og vanskeleg og vanskelig å forhalde seg til.

Personleg ser eg føre meg to moglege løysingar:

1. At heile ungdomsrådkanalen bygger på ungdomsrådsomgrepet. På denne måten vil det kommunale årsmøtet heite Ungdommens kommunestyre/Ungdommens bystyre og arbeidsutvalet heite Ungdomsrådet. Det fylkeskommunale årsmøtet vil heite Ungdommens fylkesting og

arbeidsutvalet Ungdommens fylkesråd. Det nasjonale vil heite Ungdommens storting og arbeidsutvalet Nasjonalt ungdomsråd.

2. Namna bli knytt opp mot namnet på det folkevalde organet. På denne måten vil det kommunale årsmøtet heite Ungdomskonferansen (eller liknande), mens arbeidsutvalet heiter Ungdommens kommunestyre/Ungdommens bystyre. Det fylkeskommunale årsmøtet vil heite Ungdommens fylkesting og arbeidsutvalet Ungdommens fylkesråd/Ungdommens fylkesutval. Det nasjonale vil heite Ungdommens storting og arbeidsutvalet vil heite noko slikt som Ungdommens regjering.

Fordeling av økonomiske midlar

Nasjonalt ungdomspanel meiner at fordeling av økonomiske midlar ikkje bør vere medverknadsorganet si viktigaste og/eller einaste oppgåve. Fordeling av midlar vil i svært liten grad gi ungdom innflytelse på politiske saker i nærmiljøet. Samtidig ønskjer NUP å halde fram med denne funksjonen, då den ofte blir opplevd som engasjerande og kan fungere promoterende for medverknadsorganet.

Politiske saker

Ungdommens fylkesting i Hordaland har eit punkt i vedtektene som seier at all ungdom mellom 15 og 20 år i fylket kan sende inn saker til Ungdommens fylkesting. Sakene må vere sende inn fem veker før UFT, og vil bli handsama og tekne stilling til av delegatane på UFT. På den måten har ein skape eit sikkerhetsnett for at all ungdom i fylket skal få spele inn saker til Ungdommens fylkesting, som i sin tur kan bli tatt opp i Ungdommens storting dersom UFT bestemmer dette. Det vil vere unaturleg å ha ei tilsvarande ordning på nasjonalt nivå ettersom sakene ikkje er selekterte som dei viktigaste sakene for ungdom i heile fylket. I tillegg ville nok ei slik ordning ført til eit vanvittig stort arbeid for Ungdommens storting.

Det er også viktig at dei kommunale medverknadsorgana får høve til å diskutere nasjonale saker på dei fylkeskommunale årsmøta. Om ein har god strukturar for dette, vil all ungdom ha moglegheit til å spele inn saker dei vil at Ungdommens storting kan handsame.

Ein saksgang som fungerer godt finn ein i medverknadsorganet i Oslo. Ungdommens bystyremøte kjem fram til fem saker som blir sendt vidare til ordinær handsaming i bystyret. På denne måten blir det eit overkommelig tal saker for det arbeidande organet, og det blir også eit stort fokus på sakene fordi ungdommen har prioritert dei som viktigast i perioden. Erfaringsmessig veit eg at dersom det blir for mange saker klarar ikkje arbeidsutvalet å arbeide med dei, og arbeidsutvalet får dermed høve til å unngå å arbeide med saker som dei er personleg ueinig i. Dette bryt med prinsippet om at årsmøtet skal vedta politikken. Samtidig er det viktig at ungdom får høve til å uttale seg i eit breitt spekter av saker. Ved at årsmøtet berre vedtar fem saker, får det arbeidande organet mykje makt til å uttale seg på vegne av ungdom.

Ei god løysing på dette kan vere å skilje mellom saker arbeidsutvalet aktivt skal jobbe for å få gjennomført, og årsmøtet sine synspunkt på viktige saker for ungdom. Delen med synspunkt kan vere eit grunnlag når det arbeidande organet skal skrive svar på høyringar og uttale seg, i tillegg til at det kan innehalde nasjonale saker som kan bli tatt med på Ungdommens storting.

Det vil vere naturleg for departementa å ha ein god dialog med ekspertutvalet om korleis ein kan sikre slike strukturar, og for å diskutere kor sterke føringar ein skal legge på dei medverknadsorgana. Det vil sannsynlegvis vere ulike ting som fungere på dei tre forvaltningsnivåa.

Treng kompetanseheving og tilrettelegging

Nasjonalt ungdomspanel ser eit stort behovet for kompetanseheving. Dette gjeld både for personar som arbeider med medverknadsorgan og for ungdommane sjølve. Det er viktig at ungdommane har eit godt kompetansegrunnlag når dei uttaler seg i politiske saker. Ein må hugse på at det for ungdom kan vere vanskeligare å delta og å påverke enn for vaksne, og at det derfor må leggest meir til rette for ungdom si deltaking. (Dette kjem eg tilbake til under "Tiltak i tillegg til lovfesting")

I debatten på Ungdommens storting ble et forslag om nasjonalt kompetansesenter for ungdomsrådskanalen lagt fram. Om senteret blir realisert vil det vere ei viktig støtte for ungdomsråda, og er dessutan et ledd i kompetansehevinga blant tilsette med ansvar for ungdomsmedverknad.

Tiltak i tillegg til lovfesting

Nasjonalt ungdomspanel er positiv til Ungdommens maktutredning sitt forslag om at elevdemokratiet i skolen skal styrkes. NUP er av den oppfatning at dette sannsynligvis bidra til å styrke ungdomsråd og andre medverknadsorgan for ungdom lokalt, regionalt og nasjonalt. Styrking av elevdemokratiet og innføring av nytt demokratifag vil også synliggjøre medverknadsorgana for ungdom i større grad. Styrking av elevdemokratiet og synliggjøring av moglegheitene elevane har, vil sannsynligvis bidra til å auke engasjement for medverknad blant elever og ungdom. Det vil vere naturleg å vurdere om elevane kan spele inn forslag til medverknadsorganet gjennom undervisinga.

Nasjonalt ungdomspanel er også positivt til Ungdommens maktutredning sitt forslag om å la engasjement telle som ein del av vurderinga i relevante fag. På denne måten gjør man det lettare for unge engasjerte å kombinere engasjementet og skolegang.

Ifølge NOU 2011:20 har Statens råd for likestilling av funksjonshemma har uttalt at voksen retorikk i mange fora er utfordrande for mange si deltaking. NUP meiner dette er eit godt poeng, og er av den oppfatning at kan vere ein barriere for mange ungdom engasjerer seg. Det ville vore hensiktsmessig om dokument som er relevant for ungdom blei skrive i ei form og med eit vokabular som gjer dokumentet forståelig fleirtalet av ungdom.

SYNSPUNKT PÅ PROBLEMSTILLINGANE HØYRINGSNOTATET REISER

Høyringsnotatet reiser gode problemstillingar rundt lovfestinga av medverknadsorgan. Nasjonalt ungdomspanel har ikkje diskutert problemstillingane ettersom dei ikkje var reiste eller aktuelle på det tidspunktet NUP arbeidde. Eg vil nok ein gong seie at ungdom bør inkluderast i å svare utforminga av innhaldet i lovfestinga ved å svare på problemstillingar som dette, og at det verkar naturleg å bruke eit ekspertutval der ungdom med erfaring frå medverknadsorgan kan debattere spørsmåla saman med andre aktuelle aktørar. Det mest ønskelige ville vore om ein kunne inkludere eit Nasjonalt ungdomsråd etter Ungdommens storting 2014.

Under blir det presentert nokre tankar som Martine Lødding og meg har kome fram til gjennom ein telefonsamtale. Martine Lødding har vore leiar i Tromsø ungdomsråd, og har sete i Ungdommens fylkesråd i Troms. Ho var også ein av forslagstillarane for lovfesting av ungdomsråd på Ungdommens storting i mars 2013.

Skal lovfesting av medverknadsordninga for ungdom legge opp til at ungdom får formell avgjeringsmynde?

Dersom ungdom har avgjeringsmynde utover eigen organisasjon vil dei få like sterke rettar som ordinært valde representantar, noko som tilsynelatande strir imot demokratiprinsippet sidan ungdomsrepresentantane ikkje er folkevalde. Dessutan er mange av medlemmene i medverknadsorgana unge, og har ikkje ei fullstendig oversikt og forståing av det politiske arbeidet. Om medverknadsorgana skulle ha avgjeringsmynde i ordinære politiske organ måtte det ha førelagt serdeles gode mekanismar for å sikre at meiningane var representative for ungdom.

Skal medverknadsorgan for ungdom ha møte-, tale-, forslags- og innstillingsrett, og i tilfelle ovanfor kva organ?

Det er eit viktig prinsipp, og ein forplikting gjennom barnekonvensjonens artikkel 12, at barn og ungdom skal få uttale seg i saker som vedgår dei. Likevel verkar det problematisk at medlemmer i medverknadsorgan skal ha talerett, på lik linje med ordføraren og andre folkevalde, under det ordinære ordskiftet i dei politiske organa. For å sikre at ungdom likevel får uttalt seg, kunne ein tildele medverknadsorganet ei viss mengde tid til å ytre meiningane sine på starten av møtet, eller ein kunne tildele ungdomsrådet taletid jamfør ei sak som vedgår dei, men utanom ordskiftet. I Tromsø har ein ei ordning der Tromsø ungdomsråd får fem minutt taletid til kvar av dei sakene som vedgår dei, samt fem minutt til å svare på spørsmål.

Nokre kommunar gir medverknadsorgan for ungdom taletid under ordskiftet i kommunestyret, til dømes gjer Balsfjord kommune det i Troms. Dersom lovfestinga ikkje gir medverknadsorgana for ungdom denne moglegheita, skal ein då fjerne kommunane si moglegheit til å gi ungdom talerett? På den eine sida er det urettferdig at ungdom i nokre kommunar skal få eit slikt gode, mens ungdom i andre kommunar ikkje får det. På den andre sida er det positivt om kommunen vil inkludere ungdom i større grad enn dei er pålagt. Lovfestinga av medverknadsorgan for ungdom kunne tillete kommunane å legge til rette for større ungdomsinvolvering dersom kommunen sjølv ønskjer det.

Ungdomsråd står fritt til å spørje representantar om dei vil fremje ei sak på ungdommen sine vegne. Likevel opplever mange ungdomsråd det som vanskelig lobbe og jobbe på denne måten. Me stiller oss ikkje kompetente til å svare på om forslags- og/eller innstillingsrett kunne gitt ungdom meir reell medverknad, eller om dette ville vore problematisk i dei politiske organa. Eit anna aspekt er kor mykje tid og kapasitet medverknadsorgana har nytte seg av desse rettane. Dette bør diskuteras vidare.

Ei løysing som verkar svært god for å gi ungdom større moglegheit for reell makt er den modellen som blir brukt i Oslo. Ungdommens bystyremøte kjem fram til fem saker som blir sendt vidare til

ordinær handsaming i bystyret. På denne måten er politikarane nøydde til å ta stilling til sakene ungdommane vedtar, og dei bli ikkje liggande for å støve ned i ei skuff. Viktige prinsipp i Oslo er at det er mange ungdommar som er med på å vedta dei fem sakene slik at dei i størst mogleg grad representerer heile fylket sine meiningar, og at sakene blir godt gjennomarbeida før dei blir sendt til politikarane. Ungdommens bystyremøte vel også eit arbeidande organ, Sentralt ungdomsråd, som arbeider for at sakene skal bli vedtatt.

Skal ein avgrense sakene som skal verte lagde fram for ungdom til saker som er av særleg interesse for gruppa, eller skal ungdom få uttale seg om alle saker i kommunen?

Kva saker ungdom kan uttale seg om er nok først og fremst eit spørsmål om definisjon og prinsipp, og mindre om praktisk betyding. Dersom det er ei sak ungdom ønskjer å uttale seg om, vil ein nok klare å argumentere for at saka er relevant for gruppa. Til dømes vil ein argumentere med at saka er aktuell for ungdom sine levekår i framtida. På den andre sida vil det nok ikkje vere noko stor byrde for dei politiske organa dersom medverknadsorgana kan uttale seg i alle politiske saker, grunna ungdommane si avgrensa tid og sine ressursar.

Nettopp fordi ungdom har avgrensa tid og ressursar er det viktig at dei sakene som vert lagt fram for dei er så relevante som moglege. Det vil derfor vere naturleg at det berre er saker som vedgår barn og unge sine levekår som blir lagt fram for medverknadsorgana. Det er likevel viktig å påpeike at ungdom må ha moglegheit til å ta opp saker dei sjølv oppfattar som relevante, og at ikkje det utelukkande er dei vaksne som bestemmer kva medverknadsorgana kan uttale seg om. Mange saker kan vere relevante for ungdom sjølv om dei tilsynelatande ikkje er typiske "ungdomssaker". Ungdom kan til dømes ønskjer å uttale seg i mange ulike saker dersom dei har som utgangspunkt å arbeide for å gjere heimkommunen attraktiv å flytte tilbake til etter dei er ferdige med utdanninga si.

Nasjonalt ungdomspanel ønskjer at medverknadsorgana skal kunne uttale seg om fleire samfunnsområde, med hensikt å ivareta ungdom sine interesser på alle områder innanfor politikken og samfunnet. Me vil også peike på det som blei sagt innleiingsvis om at det er ei gavepakke for politikarane og at ein bør ønske å høyre ungdom sine meiningar i mange saker. Ungdomsvennlege saksdokument ville gjort dette lettare.

Skal medverknadsorgan for ungdom få ein sterkare posisjon og status i den kommunale saksong og organisasjon enn det gjeldande medverknadsorgan i dag har?

Svaret på det spørsmålet kjem an på kva av dagens medverknadsorgan ein samanliknar med. Det er viktig at medverknadsorgana for ungdom har reell makt, og at ein kan sjå at det nyttar å engasjere seg og å bruke tid og krefter på politisk arbeid. Kanskje løysinga ikkje ligg først og fremst i å gi ungdom formelle rettar som instillingsrett og avgjeringsmynde, særleg dersom ungdom ikkje sjølv er klar over korleis dei skal bruke rettane. Eller kanskje det er nettopp dette som skal til. Det er mange ting rundt medverknadsorganet som må vere på plass, til dømes kompetanseheving av medlemmer og sekretærar og ei i betre inkludering og dialog med politikarane. Det er enklare for ungdom å diskutere saker, enn å lage høyringsvar på kompliserte saker eller skrive formelle taler. Ein må tilpasse arbeidsmåtane i medverknadsorgana med deltakarane og medverknadsorgana må få tilpassa informasjon om sakene som skal handsamast. På den måten får medlemmene det viktige kunnskapsgrunnlag for å danne seg ei meining om ei sak.